

NEI til historie- pornografi

● Den historiske romanen må kombinere innsikt med kjensle. Den romanen som berre har kjensle, vert historiepornografi. Det er innsikta som gjer romanen til vesentleg diktverk, og gjer verket verd å vende seg til, som kunnskapskjelde.


● Kva krav kan vi stille til den historiske romanen? Vi kan krevje mykje – ja nesten alt. Dette fordi vi i dag veit at skjønnlitteraturen er med på å styre våre liv.

● Vi må forlange at ein forfattar som skriv historiske romanar både skal vere ein evnerik historikar og ein evnerik diktar.

Er han ikkje ein evnerik historikar, kan han la historia vere i fred.

Det var amanuensis Nils Magne Knutsen (biletet) som sa dette under ein litterær holmgang i Tromsø nyleg.

Ordskiftet om diktverket «Kornet og fiskene» har bølga høgt og uforsonleg denne vinteren. No møttest for første gong hovudaktørane. Idag Kristiansen og kritikaren som starta det heile gjennom to kronikk-slakt i Dagbladet, Nils Magne Knutsen. Og i tillegg til desse, historikaren Einar Niemi og forfattaren Hans Kr. Eriksen.



DIAGNOSE: JOURNALIST

- Ønskjer du å skifte «beite» etter 15 yrkesaktive år?
- Har du store vanskar med å føre eit normalt familieliv?
- Er du under 35 år og har alvorlege fysiske og psykiske problem?
- Då er du mykje truleg journalist.
Reportasje side 14.

Vert det regndans i Bergen

Sjå side 13



Med 38 år som gjennomsnittleg levealder


Denne guten kan rekne med å bli 38 år. Det er den gjennomsnittlege levealderen for menn på Madagaskar. For kvinner 39 år. Folke-
talet aukar likevel med 2,1 % i året.

På Madagaskar har den sosialistiske revolusjonen gått meir eller mindre i stå. Mykje av energien går med til å skaffe mat. I fjor måtte regjeringa importere 170 000 tonn ris. Ris er politikk, og politikk er ris. Styresmaktene måtte gå ein canossagang til Det Internasjonale Pengefondet for å låne pengar. Vilåret for å få lån var mellom anna at budsjettet vart skore ned med 25 %. Dette gjekk ut over investeringane.

Vi har i dag den andre og siste artikkelen om Madagaskar.

Sjå side 8 og 9.

— Er ikkje forfattaren ein evnerik historikar, kan han la historia vere i fred



Kva krav kan vi stille til den historiske romanen? Vi kan krevje mykje – ja nesten alt. Dette fordi vi i dag veit at skjønnlitteraturen er med på å styre våre liv.

Amanuensis ved Universitetet i Tromsø, og litteraturkritikar Nils Magne Knutsen held fram:

Vi må forlange at ein forfattar som skriv historiske romanar både skal vere ein evnerik historikar og ein evnerik diktar.

Er han ikkje ein evnerik historikar, kan han la historia vere i fred.

Den historiske romanen må kombinere innsikt med kjensle. Den romamen som berre har kjensle, vert historiepornografi. Det er innsikta som gjer romanen til vesentleg diktverk, og gjer verket verd å vende seg til, som kunnskapskjelde.

På same vis som det er mange måtar å skrive romanar på, er det mange måtar å lese dei på. Ein roman kan skumlesast, og ein kan gå inn i verket på ein grundig analytisk måte, for å avdekke rikdommen og mangfaldet.

Eit godt diktverk toler ei slik nærgående kritisk lesing, som analyserar og utdjuar stoffet.

Kristiansen kallar dette ei

form for sadisme og misunnning. Men for oss som jobbar med tekst på universitetet, er det faktisk mogleg å meine noko om teksten – og berre den. Studentane som kjenner meg, veit at eg ikkje er spesielt glad i Ibsen. Men det er slett ikkje fordi han har gjort meg noko.

Denne nærlesinga er ein måte å ta teksten alvorleg på. Har teksten for mange svake sider, kan vi risikere at ei elles spontan positiv oppleving etter skumlesinga, kjem i fare.

Eg vil tru at mange av dei som melde Kristiansen sine bøker så positivt, gjorde det nettopp etter ei slik spontan oppleving. Men eg trur nok dei fekk denne sterkt redusert etter mine nærgående analysar. Det veit eg at fleire har gjeve uttrykk for.

Nils Magne Knutsen gjekk nærare inn på teksten og etterlyste mangel på konsekvens i skildringa av hovudpersonen. Samleis kritiserte han språket i miljøskildringane.

– Det må vere ein samanheng i personskildringa, slik at ein trur det er ein person og ikkje eit konglomerat av personlege innfall frå ein forfattar som ikkje veit kva han har byrja på.

Kristiansen er også med på å

sementere myter gjennom sine kvænskildringar. Den fellesskapen og varmen som Kristiansen t.d. skildrar i ein læstadiansk kyrkjelyd, vert framstilt som mystiske seksuelle uttrykk. Dette er å sementere ein reaksjonær myte om at det for det meste var sex dei dreiv med i desse kyrkjelydane. Kor mykje sanning det ligg i denne myten veit eg ikkje, men sikkert er det at han vil slå godt an sørpå. Det går inn i det eksotiske biletet av Nord-Noreg og det ville livet som vert ført der. Dette er reaksjonært.

Eit kvalitetskrav som må stilast til historiske romanar, enten dei vert skrivne nordpå eller sørpå i dag, må vere at dei skal ha ein frigjerande ambisjon, og ei frigjerande kraft.

Dei skal frigjere oss frå fåkuna om oss sjølv, og myter andre har om oss.

Eg trur ikkje Kristiansen har meint at bøkene hans skal vere eit knefall for gamle myter. Men som ein erfaren forfattar må han vite at ein tekst ofte inneheld meir enn kva forfattaren har lagt i verket, og må innrømme andre retten til å gå inn i teksten for å sjå kva vi kan få ut av han. Så profesjonell må han vere til sitt eige yrke.



Fritt fram for fiksjon og fakta og tilfellet Idar Kristiansen og Nils Magne Knutsen

– Her luktar det akademisk blod, mumla forfattaren Idar Kristiansen då han steig inn i ein fullsett møtesal i Historisk Klubb i Tromsø nylig. Om han kjende seg som ein stemna forbrytar framføre det akademiske tribunalet, og med eit publikum av strikkekoner og studentar som ville sjå blod, veit vi ikkje.

Syndene hans var firebandserien «Kornet og fiskene» om den finske innvandringa frå Finland til Finnmark i det førre hundreåret. Noko

han var innstilt til Nordisk Råds litteraturpris for.

Ordsiftet om dette diktverket har bølga høgt og uforsonleg gjennom vinteren. No møttest for første gong hovudaktøren, Idar Kristiansen kritikaren som starta det heile gjennom to kronikk-slakt i Dagbladet, Nils Magne Knutsen, og i tillegg til desse, historikaren Einar Niemi og forfattaren Hans Kr. Eriksen.

i tromsø: jan nyberg

— Diktaren SKAL lyge for at historia skal bli sannare

– Eg har sjølv innvendingar mot romanserien til Idar Kristiansen, men svært få av desse fell saman med Nils Magne Knutsen sine. Faktisk var eg den einaste som i pressa hadde negative kommentarar til Kristiansen sitt verk før Knutsen kom med sine.

Hans Kr. Eriksen ville ikkje kome inn på desse, men sa at han slett ikkje var komen for å halde nokon forsvarstale for Kristiansen.

– Diktaren seier ei større sanning om mennesket i historia enn kva historikaren gjer.

Berre gjennom fiksjon kan vi fortelje korleis mennesket oppfattar samfunnet og kvardagen. Historikaren er bunden av sitt ofte mangelfulle kjeldemateriale, som i mange høve er einsidig og handlar om borgarstanden og embetsstanden.

Historikaren kan heller ikkje tøyse kjeldene og gå bak dei etter djupare kunnskap. Då får han

straks høyre at han ikkje har grunnlag for det han skriv om. Difor må ein gripe til fiksjon for å fortelje sanninga.

Diktaren er nøydd til å lyge – noko som nettopp er sjølv dikttinga. Han skal lyge slik at det han fortel om menneska blir sannare. Det er diktarens – og mange vil seie – det umoglege sin kunst.

Den historiske kartlegginga av landet vårt har bruk for både faghistorikaren og diktaren. Men kor mange faghistorikarar har dukka ned i kvardagslivet og fortald om ein større del av folket?

Svært få.

Vi treng diktaren til å fortelje nordnorsk historie. Når faghistorikaren har gjort det, har det berre kome ut til ein liten del av alle som burde lese det.

Langt inn i sekstiåra har nordnorske historikarar vore kruttert frå overklassen, og føl-


gjeleg skrive deira historie. Dette vart ikkje fattigfolk si historie – og om det vart det – vart det ikkje frå innsida.

Idar Kristiansen og eg var nokon av dei som var aktive i det litterære miljøet i Tromsø for nesten 30 år sidan. Vi er i ferd med å bli gamle no. Vi er av dei som så vidt opplevde fattigdommen i trettiåra, og det er viktig at dei som kjenner skuggesida skriv si eiga historie.

Den historiske romanen er først og fremst nødvendig fordi historia ikkje er framstilt allsidig, rett, skikkeleg og forståeleg nok, av historikarane.

Diktaren må bruke historia for å fortelje om samtida. Eigentleg finst det ingen «historisk» roman – alt er ein del av ei menneskeleg samtidsskildring.

Dessutan er det nødvendig for eit heilt landsdelsfolk å dukke ned i si eiga historie, for å bli kjend med seg sjølv.



— Eg let meg ikkje binde av kommisærane sine reglar for kunstnarleg åtferd

— Eg har ikkje akademisk skulering, og har hatt såre lite bruk for begrepet historisk roman. Kva pokker skal eg med det? Eg vil skrive ein god roman, så får dei andre kalle det det dei vil. Eg har ikkje bruk for deira oppkonstruerte kriterie. Eg skriv for å formidle større sanningar enn at Oslo heitte Christiania inntil ei viss tid.

Det som er dikta er nettopp ikkje historisk. Slik begrepet blir brukt av personar som har hjernen full av klisjear, må vi tru at handlinga må gå føre seg i eit historisk miljø og må fortelje om personar som verkeleg har levd. Må hovudpersonane vere å finne i arkivet, eller er det nok med nokre bipersonar som historisk

staffasje? Når ein stiller slike spørsmål kan ein vanskeleg unngå å streife begrepet historie-pornografi. Desirée er i så måte eit godt døme.

Idar Kristiansen ville ikkje kommentere dei — i følgje han sjølv — mange tåpelege, meir eller mindre tøvete og vonde utsegnar som var komne til uttrykk i samband med bøkene hans:

— Men eitt av dei tåpelegaste må eg få nemne:

Det at bøkene mine ikkje held mål fordi dei ikkje stemmer med den historiske katalogen. Det kan vere fleire grunnar til det — enn at dikteren er ein tosk.

Retten til å forandre detaljar i føremålstenleg lei føreheld eg meg utan å spørje amanuensar.

Skulle eg dessutan sjekke alle

detaljar måtte eg ha eit fullt sekretariat til disposisjon og eit år ekstra til kvar bok. Dette er kanskje ikkje ting som tel for universitetsfolk — men det gjer det for meg.

Nils Magne Knutsen hevdar at eg har gjeve ut bøkene mine for å vere ein kombinasjon av ei historisk analyse med ei personleg menneskeskildring. Hovudpersonen skal vere typisk og lekamleggjere ei gruppe sine felles erfaringar, vert det sagt. Dette er tullprat som slett ikkje kjem frå meg.

Eg har ikkje bruk for litterær teologi på gymnasiastplan, sjølv om det blir dosert av ein større eller mindre Gamalie, som knitrar med sitt gule pergament.

Eg tilstår opent at eg ikkje veit kva krav ein har rett å stille til ein historisk roman. Men derimot veit eg litt om kva krav ein ikkje har rett til å stille.

Er det snakk om historisk i motsetnad til science-fiction, som har med framtida å gjere? Blir ein roman historisk når han går føre seg 7, 17 eller 57 år sidan? Er det historisk når hendingane kan tid- og stadfestast? Hjelp det å spe på med historiske personar som sjørøvarar, dronningar eller misjonærar?

Gud veit om nokon kan svare fornuftig nok til å få 1 i kommisærens karakterbok.

Ei erfaring har eg gjort — i motsetnad til kommisærane; ein bør vere varsam med å setje etikettar på åndsverk.

Det hjelp ikkje ein gong å finne opp eigne, som t.d. kvænhe-roisme, sjølv om det i vår liberale tid tek seg betre ut med kvæn-jævel, som slett ikkje er akademisk.

Det hjelp heller ikkje å mobilisere disiplar til å syngje med i koret.

Slike etikettar er kun nyttige for skuffetenkjarar. Sjølv er eg

ubetinga fritenkjar — også når eg legg handling og personar til tidlegare århundre. Dette tyder at eg på ingen måte let meg binde av kommisærane sine lovreglar for kunstnarleg åtferd.

Kan ein skilde menneske ha glede og løn for å dissekere mine forteljingar og spidde dei på sine lærdomsknappenåler, må dei gjerne gjere det for meg. Men dei kan ikkje på denne måten avsløre åndsverket sin kunstnarlege kvalitet.

Eg skriv ikkje bøkene mine av omsyn til historikarar, kritikkarar eller kommisærar, sjølv om desse også gjerne må lese dei. Eg skriv først og fremst for mennesket som lesar, for dei eg kan stimulere, eggje, underhalde og berike.

Ja eg er lei for at personane mine har tatt seg visse friheiter utfrå litteraturkommisærane sine skjema. Men dei visste dessverre ikkje kva slags kriterie dei skulle råke ut for i seinare sek-lar.

Når ein kommisær under dekke av å ville starte ein debatt om litterære kriterie, gjennom to kronikkar i Dagbladet som harselerer over diktar så vel som kritikarkollega, må ein spørje om føremålet. For det må vel vere eit føremål som kan rettferdiggjere kritikkens eksistens?

Ønsker vedkomande å fremje nordnorsk litteratur? Er det av kjærleik til denne at vedkomande med pubertetsaktig sadisme prøver å ta livet av han?

Når ein litteraturhistorikar som også opererer som kritikar finn det opportunt å skrive kronikkar utelukkande om eit verk sine negative sider like før vedkomande verk skal vurderast for Nordisk Råds litteraturpris, då er det ikkje snakk om føremålstenleg kritikk, men om ondskap.

Ondskap i vårt tilfelle kan samanliknast med ein skandale-

journalist si avsløring av kjønnsdefektar hjå ein missekandidat rett før kåring. Når kritikaren går inn i skandalejournalisten si rolle, blir ein betenkt over å finne han att ved ein akademisk lærestad.

Eg trur at noko av det mest karakteristiske for mottaking av nordnorsk diktning i Nord-Norge og mottakinga nordnorske diktarar har hatt i vår eigen landsdel, er den hyppige bruken av jantelova.

Det same såg vi då Nord-norsk Magazin skulle berast fram, og kritikken mot at det ikkje skulle redigerast frå Storgata i Tromsø. Men Magasinet har synt seg levedyktig, med sine no 11 000 tingarar. Det syt for at underskogen får gro, men gjev også rom for dei store mastetoppar.

Så vert det ropt opp om uansvarleg nostalgi, om at det blir skrive om alt som hende før, og hinsides alle bygrenser og storindustri. Kanskje kan det tenkjast at grunnen til alt dette stoffet er at det hastar å finne rotene ute i landskapet, der skrivne ord i stor utstrekning har vore sjeldan kost. Dette i motsetnad til byane der arkiva, avisene og amanuensane har hatt tilhald.

Byane har hatt monopol på å lansere lesestoff. Landsbygda har mykje å ta att for signala frå allverdsens satelittar og antenner drep siste rest av interesse for diktning og tradisjon.

Men ingen vil vel vere uglad for klimping av skrivemaskiner frå urbant hold. Det viktigaste same kvar vi er, er at vi skaper ein rik og lodig litteratur. Ikkje for at litteraturkommisærane skal få gjere seg fortente til brodet. Men for at vår eigen kultur skal overleve i ei verd vi har talsmenn for på høgre lærestader, der dei ønskjer seg ein vitenskapleg programmert kultur skapt av datamaskiner.

— Negativ kritikk er både nødvendig og ønskjeleg

— Kritikk kan ikkje i alle tilfelle vere av det gode. Likevel er han nødvendig. Eg føreset då at kritikken skal vere konstruktiv og ikkje ondskapsfull. Inneheld negativ kritikk grunngeve kritiske merknader, er han både nødvendig og ønskjeleg — og positiv på same tid.

Eg har ikkje oppfatta Nils Magne Knutsen sin kritikk som ondskapsfull, eller som eit dolkstøt i ryggen på Idar Kristiansen sitt forfatterskap, sjølv om formen til Knutsen nok er provoserande, og overdriven kritisk.

Einar Niemi professor i historie ved universitetet i Tromsø sa at fordi premissane for debatten aldri vart trekte, har det blitt ei personsentrering der sympatier og antipatier har rådd grunnen. Ja sjølv rein moralisering hadde kome til, sa Niemi.

— Eg er ikkje interessert i å vere ein puristisk faghistoriar som driv heksejakt i denne samanhengen.

Fordi vi veit lite om det stofområde Idar Kristiansen skriv om, har vi lite høve til å kontrollere dette med fakta. Faghistorikarane har i det heile engasjert seg lite i debatten om den historiske romanen, og i Idar Kristiansen sine bøker. Dette i motsetnad til den såkalla dokumen-

targenren, som t.d. hjå Bjørn Bjørnsen og Torkhild Hansen. Trass all kritikk her, har forfatarane gøymt seg bak skjold av å vere diktarar og journalistar.

Aristoteles hevda at historia skildrar ting som dei var, medan diktinga skildrar ting slik dei kunne ha vore. Diktinga tek føre seg det universelle og det generelle, medan historia tek for seg det unike og spesielle som aldri vil bli gjentatt.

I forhold til det universelle liknar diktinga filosofen, men i å presentere det universelle gjennom det spesielle, liknar den historia.

Den finske forfattaren Vaino Linna går lenger enn Aristoteles:

Den historiske ramma må vere korrekt i alle detaljar. Ikkje minst må persongalleriet vere representativt.

Idar Kristiansen har sjølv gjeve uttrykk for at han deler dette synet. Dette i sterk kontrast til andre som har engasjert seg i debatten, som t.d. Ivar Eskeland og Kjell Sandvik, som meiner at det viktigaste er at forfattaren kan fortelje ei god historie.

For ein historikar er det ei todelte oppgåve å kontrollere fakta i ein historisk roman, sa Niemi. Det eine er å kontrollere konkrete hendingar, noko anna er det

å kontrollere vurderingar av årsakssamanhengar.

— Som historikar meiner eg at Kristiansen sine skildringar av landsbysamfunnet i Finland held fullt ut mål. Paradoksalt nok meiner eg at det er det nord-norske stoffet som er svakast. Både i skildringar av busettningsmønsteret i Finnmark, administrasjonshistorie, økonomisk historie og migrasjonshistorie, kan eg påvise direkte feil.

Ein heilt annan ting er om dette er riktig å legge vekt på, eller om det er uvenstelige detaljar.

Det andre spørsmålet gjeld vurderingar av historiske årsakssamanhengar. Presenterer her Idar Kristiansen ei tradisjonell tolking av finsk flytting, som kanskje ikkje er rett?

Får vi ei oppfatning av personane hjå Kristiansen av ein mytete prega art? Blir kvænane framstillede som stordrikkarar, slås-skjemper og utruleg tilpassingsdyktige? Var verkeleg kvækvinene under alle omstende erotiske vulkanar?

Ut frå ein faghistorisk synsvinkel kan eg også seie at hovudpersonen «Heikki» i Kristiansen sine bøker ikkje er representativ. Eit heilt anna spørsmål er kor mykje vekt vi skal leggje på dette, og kor vesentleg vi skal sjå på representativiteten.

